



VALESTRAND BARNEHAGE  
Eidsbakkane 42  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Vår referanse: 2023/31903-8  
Saksbehandler: Marion Lambrechts Berge  
Dato: 7. august 2023  
Deres ref.:

## Tilsyn med Valestrand barnehage blir avslutta

Miljørettet helsevern ved Helsevernenheten i Bergen kommune gjennomførte 24.05.2023 tilsyn med Valestrand barnehage etter forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. (forskrifta). Vi viser til vår tilsynsrapport sendt 25.05.2023 og skildring av utbetringar som er gjort etter tilsynet mottatt 03.08.2023.

### Sakens bakgrunn og vår vurdering

På tilsynet observerte vi reolar som ikkje var sikra mot å velte, eit vindauge utan tilstrekkeleg barnesikring, ryggsekker og nett som hang over ein benk, at det ikkje var skåldesperre på blandebatteri, at det ikkje var installert komfyvern og at det var steinar i fallsona til slengdissar. Det var ikkje etablert rutine for dagleg kontroll av uteområdet i barnehagen på tilsynsdagen. Vi vurderte at desse forholda samla medførte ein auka risiko for skadar og ulykker og at dette derfor var eit brot på forskrifta § 14.

Av tilbakemeldinga går det fram at reolar no har blitt sikra mot å velte, vindauget har blitt utbetra med ny barnesikring, det har blitt montert nye knaggar til ryggsekker, det har blitt installert eit nytt blandebatteri med skåldesperre, det har blitt installert komfyvern og slengdissene har blitt fjerna. I tillegg har det no blitt etablert ein ny rutine for dagleg kontroll av uteområdet til barnehagen.

Vår vurdering er at dei tiltaka barnehagen har gjennomført medfører at avviket er lukka og at barnehagen no oppfyller krava i forskrifta § 14. Miljørettet helsevern avsluttar derfor saka.

Det er rett til innsyn i dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing  
Helsevernenheten

Tore-Andre Gram-Knutsen - Enhetsleder  
Marion Lambrechts Berge - Overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

Kopi til: OSTERØY KOMMUNE - Ove Pedersen, OSTERØY KOMMUNE - Hilde Gunnarson,  
VALESTRAND BARNEHAGE - Kristin Haukaas